

SAK 13 Framlegg til styreføresegner for Norsk Målungdom

1 LANDSSTYRET

1.1. På landsstyremøta har dei faste landsstyremedlemene røysterett, men om nokon av desse ikkje er tilstades, får varafolk røysterett i den rekkjefylgja dei er nummererte. Minst halvta av landsstyremedlemene må vera tilstades før møtet er vedtaksført. Landsstyret avgjer saker med vanleg røystefleirtal. Står røystene likt, gjer røysta til leiaren utslaget. Er ikkje leiaren tilstades, gjer røysta til nestleiaren utslaget. Om ingen av desse er tilstades, skal saka utsetjast til neste møte. Kvar landsstyremedlem kan krevja å få ført inn i møteboka korleis han/ho røyster. Skrivaren fører møteboka. Kvar landsstyremedlem kan krevja å få diktera sermeiningar.

1.2. I tilsetjingssaker skal landsstyret ha liste over søkjarar, og elles dei opplysningane om søkjarane som sentralstyret og landsstyret meiner er turvande. Let det seg gjera utan urimeleg kostnad eller tid, skal den som sentralstyret tilrår som nummer ein, kallast inn til

landsstyremøtet. I tilsetjingssaker er det til vanleg berre landsstyremedlemer tilstades.

1.3. Til landsmøtet skal landsstyret leggja fram årsmelding og rekneskap, og framlegg til budsjett, arbeidsprogram og ny valnemnd.

2 SENTRALSTYRET

2.1. Sentralstyret avgjer dei sakene som tykkjest klåre ut frå styrevedtak, den økonomiske stoda, arbeidsprogrammet og andre landsmøtevedtak. Sentralstyret er vedtaksført når minst fem medlemmer er tilstades, jamvel om berre tre av dei faste sentralstyremedlemene møter. Dei faste sentralstyremedlemene har røysterett, men om nokon av desse ikkje er tilstades, får varafolk røysterett i den rekkjefylgja dei er nummererte. Kvar sentralstyremedlem kan krevja å få ført inn i møteboka korleis han/ho røyster. Skrivaren fører møteboka. Kvar sentralstyremedlem kan krevja å få diktera sermeiningar.

2.2. Sentralstyret avgjer sakene med vanleg røystefleirtal. Står røystene likt, gjer røysta åt leiaren utslaget. Er ikkje leiaren tilstades, gjer røysta til nestleiaren utslaget. Når dette ikkje seinkar møtet monaleg, skal røystring utsetjast til flest mogeleg av dei faste medlemene er tilstades.

2.3. Sentralstyret har andsvaret for framdrifta og gjennomføringa av arbeidsprogrammet og andre vedtak.

3. TILH VET MELLOM LANDSSTYRET OG SENTRALSTYRET

3.1. Sentralstyret kallar inn til landsstyremøta. Sentralstyret kjem med framlegg til sakliste for møtet, men landsstyret fastset sjølv den endelege saklista. Sentralstyret kan kalla inn andre til landsstyremøtet, men landsstyret avgjer kven som skal vere tilstades, når møtet tek til. Innkallinga skjer til vanleg på e-post.

3.2. Leiaren skal tidleg på kvart landsstyremøte gjera greie for arbeidet i sentralstyret sidan sist møte. Sentralstyret skal ha godt samarbeid med landsstyret og orientera om arbeidet i sentralstyret. Landsstyret har rett til innsyn i opprita frå alle møte i sentralstyret.

Oppritet frå landsstyremøta skal sendast ut til landsstyret seinast ein månad etter møtet.

3.3. Sentralstyret har andsvaret for den daglege styringa av økonomien. Økonomiandsvarleg skal på kvart landsstyremøte gjera greie for den økonomiske stoda i NMU for tida, og komande store inntekter, utgifter og investeringar. Større økonomiske saker skal førehavast av landsstyret.

3.4. Vedtak i sentralstyret som gjeld viktige saker, skal ikkje setjast i verk før ei veke etter at opprit er send landsstyremedlemene, om det ikkje hastar. Om tre landsstyremedlemer innan den tid, munnleg eller skriftleg krev å få saka inn for landsstyret, må sentralstyret retta seg etter dette.

3.5. Eit mindretal i sentralstyret kan anka ei avgjerd i sentralstyret til landsstyret.

3.6. Kvart utval i sentralstyret skal gje rapport om arbeidet på landsstyremøta om det er relevant for landsstyret.